



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET

Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Att.Waqas Malik

Vår ref	Deres ref	Saksbehandler	Dato
2021/859-5	22/535	Jan Egil Fossmo 901 32 335 jan- egil.fossmo@vaga.kommune.no	01.06.2022

22/535 Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap

Vågå kommune syner til brev datert 23. februar 2022, kor kommunane blir bede om å gje sitt syn på korleis gje betre polititjenester og høgde beredskapen i kommunane.

I brevet frå Statsråd Mehl står det;" Jeg vil med dette invitere kommunene til å gi en vurdering av tjenestene som politiet leverer, og komme med innspill til hvordan politiet kan levere bedre tjenester til lokalsamfunnet. Hvilke utfordringer har kommunen når det gjelder kriminalitet, beredskap og sivile tjenester, og hvordan kan politiet bidra til å håndtere utfordringene. I denne forbindelse er det utarbeidet et sett spørsmål som jeg ber dere besvare."

1. Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?

- Geopolitiske og andre 'overordna' faktorar som påverker også oss – klimaendringar, forureining, flyktningstraumar, pandemi, sårbarheit knytt til eKomm, og datakriminalitet.
- Førebygge utvikling av rusmiljø, særleg blant unge
- Sikre innbyggjarane tenester som gjer at dei "heng med" i samfunnet, som t.d. utstedelse av pass/ID-kort i rimeleg nærleik
- Aukande trafikkmengde langs veg (antall køyrety, type køyrety (el/hybrid), type gods (aukande mengde farleg gods))
- Området som reiselivsdestinasjon er i stadig utvikling, med aukande besøkstal for kvart år.
- Lokalt politi har vore kjennemerkt ved at dei har stor lokal kunnskap, om både folk, næringsliv, ulike miljø mv.

Postadresse:
Edvard Storms veg 2
2680 Vågå

Besøksadresse:
Edvard Storms veg 2, 2680
Vågå

Org.nr: 939 607 706
Heimeside:
www.vaga.kommune.no
E-post:
postmottak@vaga.kommune.no

Telefon: 61 29 36 00
Bankkonto:
2085 07 70000

2. Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestestedstruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke, hva er årsakene?

Vågå kommune opplev at dei har eit godt samarbeid med politiet, slik situasjonen er i dag. Dette gjeld både i høve til god kommunikasjon og tilgjengelegheit. Vi ønskjer her spesielt å nemne samarbeid og dialog med politikontakten i vår region på forebyggande arbeid, men elles god dialog på alle nivå.

Når det gjeld bemanning er Vågå kommune orientert om at politiet styrer sine ressursar etter kunnskapsbasert politiarbeid (KUBA), men det er og slik at alle kommunane ønskjer fleir og meir synleg politi i våre nærrområde.

Attendemeldingane frå lokalt brannvesen, er at dei opplever at responstida for politiet er/kan vere uforutsigbar. Det kan ta lang tid før politiet kjem fram til ein skadestad, som følgje av lange utrykningsveggar. Dette var også ei utfordring før politireformen, men er no forsterka. Vågå kommune stiller spørsmål om en revisjon av gjeldande vakt-distrikt bør gjennomførast.

Lokalt brannvesen er den kommunale 24-timars beredskapen, som i aukande grad også har fått tillagt seg andre oppgåver innan særleg helse. Gjennom m.a. PLIVO-trening, er dei også venta å skulle stille opp på skarpe hendingar med bevæpna personar. Vi opplever at samarbeidet mellom naudetatane i det daglege er godt, men vi ser at belastninga etter kvart blir større for dei tilsette i kommunen.

Politikontoret i Vågå vart lagt ned i 2018. I Hurdalsplattformen framgår det;" at Regjeringen vil opprette polititjenestesteder der det er et lokalt ønske om det, og geografiske faktorer eller kriminalitetsbilde tilsier at det bør opprettes. Det skal opprettes 20 nye tjenestesteder, og arbeidet skal starte i 2022."

Om nytt politikontor blir opna at i Vågå vil dette styrke beredskapen både lokalt og regionalt. Føresetnadene må vere at det vert tilført ekstra ressursar til eit nytt kontor og at det ikkje blir teke ressursar frå eksisterande politilokasjonar i Nord-Gudbrandsdalen. Ei lokal styrking av bemanning, vil såleis også gi rom for meir aktiv oppfølging inn mot skule, ungdomsmiljø og andre miljø det vil vere naturleg at politiet har ei rolle.

Vågå kommune vil difor vere positive til reetablering av nytt polititjenestestad om vi skulle være aktuelle for det.

3. Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggernes trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket videreutvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at de kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?

Kommunalt beredskapsarbeid og beredskapsarbeid på fylkesnivå er inne i ei utvikling som må karakteriserast som positiv. Dei seinare åra har baa nivå hatt ei utvikling av dette arbeidet basert på naturhendingar og pandemi. Politiet har ei sentral rolle inn mot kommunalt- og fylkesberedskapsnivå. Politiet bidrar med uvurderleg kunnskap inn i desse fora og har også beslutningsmynde i avgjerande situasjonar.

Kommunane skal ha ei aktiv rolle opp mot politiet. Det er allereie betydelege kommunale ressursar avsett med aktørar innan helse, skule, psykiatri mv som involverer politiet som ein førebyggande

ressurs. Her har politikontakten vår ei viktig rolle. Samhandling mellom kommunen og vår lokale politikontakt fungerer god. Vågå kommune deltek også i regionalt samarbeid om beredskap, og førebyggjande samarbeid gjennom politiråd og andre beredskapsfora. Samarbeidet må halde fram og vidareutviklast.

Når det gjeld spørsmål om kva slags ressursar kommunen kan avsette til å trygge våre innbyggjarar i samarbeid med politiet har Vågå alle kommunale musklane som skal til gjennom møteplassar, personalressursar og beredskapsplanar. Vågå kommune vil stille med dei ressursane som er nødvendige for å vidareutvikle samarbeidet.

4. Hva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester?

Politiet er ein sentral aktør i beredskapsarbeidet, både ift egne politioppgåver, men og inn mot det kommunale beredskapsapparatet, og dei bør såleis ha tilstrekkeleg med ressursar lokalt, både som synleg politi, men og med ressursar til å følgje opp saker. Politiet si førebyggjande rolle i samfunnet er og betydeleg, og den største verdien ligg truleg i politi som engasjerer seg inn mot ulike miljø, etter nærleiksprinsippet. Dette er sjølvstøtt ei prioritering som leiinga i politiet skal ivareta. Vågå kommune ønskjer samla sett å ha fokus på å styrke beredskapen gjennom fleire og meir synlege ressursar til politiet, både med tanke på førebyggjande arbeid og beredskap. Vågå kommune meiner også at ein ikkje skal takke nei til ei eventuell reetablering av kontorstad, da dette vil auke tilgjengelegheita betydeleg for våre innbyggjarar.

5. Ønsker kommunen et nytt tjenestested i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale tjenester?

Vågå kommune ønskjer i utgangspunktet å halde på gjeldande tenestestader i vår region, men er samstundes positive til reetablering av kontorstad Vågå. Ein føresetnad er da at regionen blir tilført dei ressursane som skal til, slik at ein ikkje svekker totaliteten i Nord- Gudbrandsdalen. Vi meiner at også dette vil føre til ei styrking av både lokal og regional beredskap.

Vågå kommune har og fleire moglege alternative lokaliseringar.

Bruk av politiets tidlegare lokalar.

Samlokalisering med framtidig tingrett

Samlokalisering med brann

Samlokalisering med NAV i kommunehuset

For Vågå kommune

Harald Sve Bjørdal

Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.

